



# Retningsliner for regionalt klima- og miljøtilskot i Rogaland

Sett av Fylkesmannen i Rogaland 14. januar 2019

Regionale klima- og miljøtilskot er eit bidrag for å nå måla i landbrukspolitikken på klima- og miljøområdet. Tilskotet skal nyttast til prosjekt som bidreg til å løyse dei regionale utfordringane.

Midlane skal lysast ut på heimesida til Fylkesmannen i Rogaland når økonomisk ramme er kjend. Fylkesmannen vil i samband med årleg utlysing av midlar sette faglege prioriteringar som vil gå fram av utlysningsteksten.

Det overordna målet er:

- Matproduksjonen basert på god ressursbruk og med minst mogleg forureining, tap av naturmangfald og klimaavtrykk

## Kven kan søkje?

Alle føretak, lag og organisasjonar som arbeider med kunnskapsutvikling eller kunnskapsformidling kan søke om tilskot. Det vil ikkje bli gitt tilskot til investeringar i driftsmidlar som kan omsettast på marknaden etter prosjektslutt.

Fylkesmannen kan støtte opp til 70 % av den totale kostnadsramma. Det kan maksimalt gis kr 200 000 i støtte til eit prosjekt.

I særlege tilfelle kan det bli gitt støtte utover dette.

Søkjarar skal sende søknaden på elektronisk søknadsskjema i Altinn. Søknadsfristen er 15. mars.

## Krav til søker og utbetaling av tilskot

Søkjarar må bruke tilskotet i samsvar med vilkåra for tildelinga. Fylkesmannen vil i vedtaket om prosjektstøtte sette vilkår knytt til tilskotet inkludert frist for gjennomføring. Fristen for gjennomføring kan vere inntil tre år frå vedtaksdato. Dersom prosjektet ikkje er gjennomført innan gitt frist, kan søker miste retten til tilskot.

Søkjarar må skriftleg be om å få utbetalt tilskot. Dersom søker ber om utbetaling blir det sett på som at søker har akseptert vilkåra for tilskotet.

Fylkesmannen kan utbetale inntil 75 prosent av midlane etter kvart som prosjektet blir gjennomført. Dei resterande 25 prosentane vil bli haldt tilbake til rapport og rekneskap er godkjend.

Søkjarane skal føre rekneskap på ein slik måte at Fylkesmannen kan kontrollere at kostnadene er i samsvar med vilkåra for prosjektstøtta. Søkjarar skal føre eigne timelister der timebruk inngår som eigenandel i prosjektet. Fylkesmannen kan kontrollere rekneskapen, og søkerane er pliktige til å gi Fylkesmannen dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre kontrollen.

## **Eventuelle endringar**

Søkjarar skal så snart som mogleg gi beskjed til Fylkesmannen om endringar i prosjektet som har betydning for økonomi, innhald eller framdrift. Fylkesmannen avgjer om endringane får betydning for utbetaling av tilskot.

## **Vedtak og klage**

Fylkesmannen sitt svar på søknad om prosjektstøtte er eit enkeltvedtak. Vedtak fatta av Fylkesmannen kan klagast på til Landbruksdirektoratet jf. kap. VI i lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningslova).

## **Tilbakebetaling av tilskot og renter**

Fylkesmannen kan krevje utbetalt tilskot tilbake dersom det er skjedd feil i utbetalinga, eller det kjem fram forhold som er i strid med vilkåra for tilskot. Fylkesmannen vil krevje tilbake feil utbetalt tilskot med mindre det er særlege grunner som for å ikkje gjere det.

Dersom mottakar av feil utbetalt tilskot ikkje var i aktsamt god tru om utbetalinga, kan Fylkesmannen krevje renter frå det tidspunktet tilbakebetalingskravet kom fram til mottakaren av tilskot.

Feil utbetalt tilskot kan bli motrekna i seinare tilskotsutbetalingar frå Fylkesmannen.